

Møtereferat FAU møte 14.11.2018

Tilstades: Ellen Wang Fredriksen, Line Marie Nilsen 5B, Laila S Bergtun 8B, Silje Lerberg Solbakken 1A, Heidi Bråten 3B, Veronika Liodden 10A, Elin Flaget 7B, Nina Hafnor, Gro Anita Ødelien 6B, Ingunn Håverstad 6A, Gry Haavelmoen 10B, Beathe Amundsen 7A, Vidar Johannes Nerheim 2B, Toril Haugen 1B, Rolf Blakkestad 8A, Lars Oust 5A, Trine Olsvik Løken 2A, Lene Grotmoll 3C, Kari Kinnebergbraaten Hagen 9B, Jan-Erik Bråten 4B, Siri Forland 3A, Jens Personbråten 9C, Hilde Slaatto 9A.

Sak 1: Konstituering

Leder: Elin Flaget

Skrivar: Laila S Bergtun

Nestleiar: Ingunn Håverstad

Samarbeidsutvalet: Leiar- Vidar Nerheim Vara: Rolf Blakkestad

Skulemiljøutvalet: Leiar- Vidar Nerheim Vara: Rolf Blakkestad

17.mai komitee: Jan Erik Bråten

Uteområdet repr.: Mari Frøysok

Sak 2: Tilstandsrapport

Skulen v/ rektor og Halvor Lilleslett ber om foreldreinnspel på suksesshistoriar dei har opplevd ved Gol skule. Det kan vere hendingar, lærarar, bygget eller andre ting som dei meiner er bra. Klassekontaktane legg ut informasjonen på FB sida til klassa si. Rektor vil gjerne ha tilbakemeldingar på mail inna 1.desember.

Ellen.Wang.Fredriksen@gol.kommune.no

Sak 3: Uteområdet

Orientering v / Nina Hafnor.

FAU tok over saken med uteområdet i fjor og fekk sett i gang arbeid med blant anna møter med lærera og politikarane. FAU har fått bevilga 500.000,-. Ynskjet er å endre på asfaltplassen og utvikle området rundt. Elevane ynskjer seg gras. Skuleplassen fungerer for 1-4. Trinn, men ikkje for mellom og ungdomstrinnet. Forslag for plan over uteområdet vart presantert til FAU av Nina Hafnor. Planen må gjennomførast over fleire trinn over fleire år. Det skal søkjes om spelemidler for området rundt skuleplassen. Deler av asfaltplassen vil bli gjort om til eit klatremiljø, ballfang, små trampoliner, slakk line og meir gras. Elevrådet og elevane ynskjer trampoline, klatrevegg, gras for dei 500.000,- som no er tilgjengeleg. Før

sommaren vil det legges inn søknad om å få stønad frå kommuna slik at det kjem med på neste års budsjett.

I skogen er det ynskje om grasområde, jungelbane, skiområde, skiløype og ein fotball/grasbane og skiløype bak parkeringsplassen. Dette bør sjåast i sammenheng med masterplan for Hallingmo ved Mads Elbrønd.

Til våren vil det bli prioritert å få på plass gras og trampoliner, klatrevegg og eit nytt grasområde for ungdomstrinnet. Sykkelbanen og jungelbanen håpar vi også er på plass på samme tid. Det vil kreve litt dugnadshjelp frå føresette til våren. Gi beskjed til Nina hvis nokon har kompetanse på ulike ting som vi treng hjelp til.

Sak 4: Trafikktryggleiken rundt skulen v/ rektor

Føresette skal ikkje køyre elevane heilt opp til skulen eller inn via Valdresvegen. Etter kl. 08.00 skal alle elevar sleppas av på droppsona. Borna må gå av på sida av bilen det er trygt å gå av, altså ikkje i kjørefeltet. Vær nøye på at de må køyre rett veg inn på droppsona. Der kan det tidvis vere mange, så vis hensyn.

Viktig å minne borna på at dei skal gå gangvegen/ kulverten opp, ikkje krysse vegen. Forslag vart fremma om å merke opp plassane på droppsona slik at det blir eit tydeligare køyremønster.

Sak 5: Trafikkopplæring - Trafikksikker kommune v/ rektor

Det er ein ny trafikkplan som ligg på heimesida til Gol skule. Gol kommune skal bli ei trafikksikker kommune. Det er fleire kriterier som ligg til grunn, blant anna ein gjennomgang av trafikkplanen til Gol skule. Mange kriterier oppfylles allereie, og Gol kommune har stort sett alt på plass. Neste år vil Gol kommune vere ei godkjent trafikksikker kommune. Mer informasjon kjem.

Sak 6. Innspill fra føresette

Leksefri skule: Saken vart drøfta forrige møte. Det stilles spørsmål om dette er noko vi bør jobbe vidare med. Rektor sjekkar opp kva som skjedde med saken i fjor, og om det er grunnlag for å ta saken om leksefri skule opp igjen ein ny runde.

Skolemjolk: Kvifor kan ein kun velge mjølk på 1-7.trinn hjå Tine? Dette vart bestemt frå FAU for nokre år siden pga. helse og tannhelse. Helsedirektoratet anbefaler vatn og mjølk. Står info på skolelyst.no. Vi beheld ordninga med mjølk fra 1-7.trinn og større utval frå 8-10. Trinn.

Saker fra elevrådet

Kantine: Elevrådet er opptatt av kantina. Ungdomstrinnet tek ei vurdering av vareutvalet som idag inneheld endel sukker. Vi har ikkje lov å lage mat på kjøkken og selge pga. regler frå mattilsynet. Elevrådet ynskjer innspill på kva dei kan selge. Dei ynskjer også ein betalingsterminal., noko som koster pengar og kan øke kjøpepress. Skulen vil ikkje bevilge pengar til terminal. Ingunn og friskliv tilbyr seg å ha eit møte med elevrådet for å prate om

vareutvalet i kantina. Forslag om at frokostservering til elevene kvar morgen kan vere ein mogligheit på sikt.

Frå rektor:

Frisøknader: Siste halvår i 10 klasse er rektor restriktiv på å gje fri pga eksamen.

Feriesøknader på 1 veke vil bli avslått, under 1 veke blir vurdert individuelt.